

Kommunestruktur – plan for utgreiingsfasen

Målsetting:

1. Gje tilstrekkeleg grunnlag for å ta avgjerd om framtidig kommunestruktur i samsvar med føresetnadene for kommunereforma;
 - Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne
 - Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling
 - Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner
 - Styrket lokaldemokrati
2. Gje tilstrekkeleg grunnlag for å ta avgjerd om framtidig kommunestruktur i samsvar med kommunestyret sine føresegrer for utgreiinga
 - F 78/2014: Drøftings sak for formannskapet
 - K 89/2014: Overordna organisering fram mot endeleg vedtak
 - K 90/2014: Prosjektplan for fase 1: Sonderingsfasen
 - K 21/ 2015: Prosjektrapport for Sonderingsfasen
 - K 52/2015: Prosjektrapport for Sonderingsfasen – endeleg handsaming
 - F.. /2016: Kommunereforma - status

Utgreiinga vil ikkje kunne gi eit fullstendig bilete av korleis ein eventuell ny kommune vil sjå ut og korleis tenestetilbod og andre kommunale oppgåver vil bli organisert og lokalisert. Dette er i høgste grad spørsmål som er av politisk karakter og som det er opp til kommunestyret i ein eventuell ny kommune å avgjere.

Likevel er det ikkje uvanleg at kommunestyra i dei ulike kommunane forfattar ei felles intensjonserklæring eller avtale om hovudprinsippa som bør liggje til grunn for ein ny kommune. Ein slik eventuell uttale eller intensjonsavtale vil supplere utgreiinga og gje innbyggjarane betre høve til å vurdere korleis kvardagan deira i ein eventuell ny kommune vil sjå ut.

I veilederen vert det mellom anna uttrykt dette, sjå side 14: «Politikarane må formulere konkrete mål for samanslåinga. Ein intensjonsavtale som kan si noko om fordeling av tenestestader, korleis og kor ein kan nytte ressursane betre, korleis ein saman kan stå betre rusta til å møte framtidens krav og utfordringar.

Alternativ som skal vurderast i utgreiingsfasen:

«1. Greia ut moglegheitene for / konsekvensane med å halde fram som eigen kommune (som no) eventuelt med Modalen kommune.

2. I lag med rådmann i Osterøy, Samnanger og Bergen greia ut ein felles kommune. Ei eventuell tilknytning til Bergen må omfatta:

- Moglegheitene for eit demokratisk nivå aust for Ulriken (t.d. bydelsstyre)
- Moglegheitene / konsekvensane med at deler av noverande Vaksdal kommune vert innlemma i andre kommunar (Voss / Nordhordland)

Det er viktig at alle alternativa vert utgreidd med tanke på kva som er tenleg for innbyggjarar i samtlege bygdelag.

Det vert utarbeidd eigne prosjektplanar for alternativa i samarbeid med aktuelle kommunar og i samsvar med K- sak 89/2014.»

(K- vedtak 22.06.2015)

Effektmål:

1. Vurdere alternativa opp i mot ekspertutvalet sine kriteriar for framtidig kommunestruktur:
 1. Tilstrekkeleg kapasitet
 2. Relevant kompetanse
 3. Tilstrekkeleg distanse
 4. Effektiv tenesteproduksjon
 5. Økonomisk soliditet
 6. Valfridom
 7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
 8. Høg politisk deltaking
 9. Lokal politisk styring
 10. Lokal identitet
2. Vurdere alternativa opp i mot kommunens fire hovudoppgåver:
 - Kommunen som tenesteytar
 - kommunen som utøver av mynde
 - kommunen som samfunnsutviklar
 - kommunen som demokratisk aktør
3. Sikre mest effektiv ressursbruk i utgreiingsarbeidet

Prosessmål:

- Sikre at innbyggjarar og avgjerdstakarar opplever seg trygge på at relevante omsyn blir tatt med før ein tek avgjerd
- Sikre felles kunnskapsgrunnlag
- Sikre god dialog i prosessane fram mot avgjerd
- Sikre naudsynt forankring hjå relevante interessentar

Organisering

- Prosjekteigar: Kommunestyret
- Styringsgruppe – formannskapet
- Rådmannen er ansvarleg for denne fasen (prosjektansvarleg)
- Administrativ prosjektgruppe bestående av einingsleiargruppa, kommuneplanleggjar representant for HTV og HVO
- Administrativ arbeidsgruppe for utgreiingsarbeidet Vaksdal, Osterøy og Bergen
- Referansegrupper: Ungdomsrådet, eldrerådet, Råd for funksjonshemma, Lag og organisasjonar, Torsdagsprogrammet, kontaktforum (Hovudtilitsvalde)

Oversikt over innhald i utgreiinga

Reglar og virkemiddel ved endringar av kommunestruktur

Kva reglar gjeld og kva for virkemiddel er gjeldande ved endringar av ny kommunestruktur, under dette inndelingslova sine føresegner, lov om offentlege anskaffingar og arbeidsrettslege spørsmål.

Økonomi

1. Kva effekter vil det vere på overføringar gjennom det kommunale inntektssystemet
2. Kva mogelegheiter ligg det i ein meir kostnadseffektiv administrasjon?
3. Kva mogelegheiter gjeld for å få ein meir kostnadseffektiv tenesteproduksjon?
4. Kva konsekvensar vil det få å stå åleine?
5. Kva er status i kommunane når det gjeld økonomiske nøkkeltal?
6. Korleis vil rammeoverføringane bli påverka av ein kommunesamanslåing, både på kort og lang sikt?
7. Kva effektar vil ei samanslåing ha når det gjeld reformstønning og støtte til dekking av eingongskostnader?
8. Korleis vil prognosar for demografi påverke kommuneøkonomien?
9. Kva vil ein kommunesamanslåing ha å seie for eigedomsskatt, kommunal prissetting, konsesjonskraft, arbeidsgjevaravgift, landbrukstilskott og andre statstilskott?
10. Korleis vil planlagde investeringar kunne påverke gjeldssituasjonen?
11. Korleis vil ei kommunesamanslåing påverke kommunane sine fond, finansar og eigarforvaltning

Tenesteproduksjon og arbeidsgjevarpolitikk

1. Kva konsekvensar har ein endring av kommunestruktur ha å seie for pensjonsutgifter og andre arbeidsgjevarpolitiske høve?

2. Kva for utfordringar står kommunane ovanfor når det gjeld forventa demografisk utvikling og av det framtidig tenestebehov?
3. Kva for utfordringar ser ein i høve kompetanse, spesialisering og rekruttering, og vil ein eventuell kommunesamanslåing påverke dette positivt eller negativt?
4. Kva vil ein kommunesamanslåing ha å seie for lokalisering av tenestene, tilkome til tenestene og nivå og kvalitet på tenestene?
5. Kva vil ein kommunesamanslåing ha å seie for digitale tenester og infrastruktur?

Utøving av mynde:

1. Korleis er tilgongen på juridisk kompetanse i dag?
2. Kva er omfanget av klager og korleis fordelar desse seg på ulike forvaltningsområder?
3. Kva er sakshandsamartida og kvaliteten på sakshandsaminga?
4. Kva for utfordringar er avdekt gjennom statlege tilsyn?
5. I kva grad vil habilitet bli betra gjennom å bli ein større kommune?

Samfunnsutvikling;

1. Kva er framtidssutsiktene og målet for utvikling når det gjeld befolkningsutvikling, næringsutvikling og sysselsetting?
2. Kva for utfordringar står kommunane foran i dag med tanke på å fremje ein langsiktig og heilskapeleg utvikling, både kvar for seg og for regionen som heile?
3. I kva grad er det skilnader mellom kommunane i synet på framtidig samfunnsutviklingsarbeid?
4. Korleis kan ein kommunesamanslåing påvirke kommunen si rolle som utviklingsaktør, og kva for gevinstar er det mogeleg å realisere?

Demokrati

1. Kva er dei største lokalpolitiske styringsutfordringane?
2. I kva grad kan ein kommunesamanslåing bidra til meir heilskapeleg og direkte styring av utviklinga i regionen?
3. Kva for tiltak kan vere aktuelle for å vitalisere lokalpolitikken i dag?
4. Ei kommunesamanslåing vil gje færre kommunestyrerepresentantar og lågare politisk representasjon. Kva for alternative deltakingsformar vil vere aktuelle for å sikre og vidareutvikle det lokalpolitiske engasjementet i ein større kommune?
5. I kva grad er det aktuelt med eit kommunedelsutval, og kva slags mynde og oppgåver kan delegerast til desse?

Særlege tema for fordjupning for dei to alternativa:

1. Vaksdal som no
 - a. Konsekvensar av framlegg til nytt inntektssystem
 - b. Sårbare tenester i høve kompetanse og kapasitet
 - c. Mogeleheitar og konsekvensar i høve interkommunale samarbeid
 - d. Regional utvikling
2. Vaksdal saman med Osterøy og Bergen
 - a. Arbeidet skal vere tufta på eit hovudprinsipp om likeverd mellom partana. Ein eventuell ny kommune skal etablerast, driftast og bli utvikla med utgangspunkt i kvar av kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar, og at likeverd, rause haldningar og forståing for kvarandre sin ståsted skal bli lagt til grunn ved utgreiingar og forhandlingar. Utvikling av nærdemokrati skal ha høg prioritet.
 - b. Demokratisk nivå aust for Bergen, mogelege alternativ og erfaringar frå andre
 - c. Regional utvikling
 - d. Grensejustering
 - e. Økonomiske vinstar
 - f. Vinstar for sårbare tenester
 - g. Mogeleg effektivisering administrative kostnader
 - h. Konsekvensar og mogelegheitar for kjerneproduksjonen av tenestene som ligg tettast der folk bur; skule, barnehage, pleie- og omsorg
 - i. Kultur og identitet

Interessentanalyse

Interessentanalyse:

		Behov/krav	Positive effekter	Negative effekter	Samlet effekt	Påvirkningsmakt/mobiliseringsevne	Tiltak/kommunikasjon
Primær	Innbyggjarane	Gode tenester Demokratisk påverknad Informasjon	Ja	Ja	Balanse	Stor	Informasjon via heimesida, media Folkemøter Bruk av sosiale mediar?
	Næringslivet	Gode rammeføresetnader Støtteordningar Demokratisk påverknad Informasjon	Ja	Somme	Meir+ enn -	Stor	Informasjon via heimesida, media Eige møte Bruk av sosiale mediar?
	Tilsette	Gode arbeidstilhøve Tryggleik for gode prosessar Gode fagmiljø Gode tenester Demokratisk påverknad	Ja	Ja	Meir + enn -	Stor	Informasjon via skyttelen, heimesida, media Eige møte kontaktforum Tryggleik for representativitet hjå dei hovudtillitsvalde

		Behov/krav	Positive effekter	Negative effekter	Samlet effekt	Påvirkningsmakt/mobiliseringsevne	Tiltak/kommunikasjon
	Politikarar	Informasjon Demokratisk påverknad Kunnskap	Ja	Ja	?	Stor	Oppdrag i kommunestyret før kvar fase Avgjerd av kommunestyret etter kvar fase Gruppearbeid i kommunestyret
	Det friviljuge	Informasjon Demokratisk påverknad Kunnskap Halde oppe aktivitetar	Ja	Ja	?	Middels	Informasjon via heimesida, media Eige møte med lag og organisasjonar
	Hovudtillitsvalde	Informasjon Kunnskap Utøve rolla som hovudtillitsvalt	Ja	Ja	Meir + enn-	Middels	Informasjon via heimesida, skyttelen, etablerte organ Delta via Kontaktforum
Sekundær	Fylkesmannen	Tryggleik på gode prosessar				Stor	Jamnleg dialog Rapportering
	KS	Tryggleik på gode prosessar				Stor	Jamnleg dialog rapportering
	Innbyggjarar i nabokommunar	Informasjon Demokratisk påverknad	Ja	Ja	?	Middels	Informasjon på heimesida Oppslag i media
	Politikarar i nabokommunar	Informasjon Kunnskap Demokratisk påverknad	Ja	Ja	?	Middels	Heimesida Oppslag i media Politiske prosessar
	Lokalpressa	Informasjon Kunnskap Utøve rolla som off.vakthund	Ja	Ja	?	Stor	Meiroff./opne prosessar Informasjon Møteoff. Redaksjonell omtale
Tertiær	Regjeringa	Prosess i samsvar med føresetnader	Ja	Ja	?	Stor	Halde kommunen fortløpande orientert
	Næringslivet i området	Eit felle bu-og arbeidsmarknad	Ja	?	+	Middels	Informasjon via heimesida, Media
	Regional presse	Informasjon Kunnskap Kunne sjå prosessar i samanheng	Ja	?	?	Stor	Meiroff./opne prosessar Informasjon Møteoff. Redaksjonell omtale

Kunnskapsgrunnlag og bibliografi*

SWOT gjennomført av Vaksdal kommunestyre mars 2015

KOSTRA 2015

Nykommune

Kunnskapsgrunnlag SVOB pr. juni 2015

Prosjektrapport med vedlegg sonderingsfasen for Vaksdal kommune 2015

Meldingsdel om kommunereform i Kommuneproposisjonen 2015 (Prop 95 S)

Innstilling frå Kommunal- og forvaltningskomiteen om kommuneproposisjonen 2015 (Innstilling 300 S (2013-2014))

Meld st. 14 (2014 – 2015) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner:

Innst 33 S (2014 – 2015) Innstilling frå kommunal – og forvaltningskomiteen om kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner

Ekspertutvalet sine to rapporter

Veileder om utgreiing og prosess: «Veien mot en ny kommune»

Arbeidsrettslige spørsmål: KS sine dokument: «Arbeidsgiverpolitikk og kommunesammenslåinger»

«Arbeidsrettslige spørsmål som oppstår ved kommunesammenslåinger»

Distriktssenteret sine temasider

www.kommunereform.no

KS sine temasider

Grefserud og hagen (2003): Kriterier for kommuneinndeling, ØF-rapport nr 21/2003

Brandzæg, «Frivillige kommunesammenslutninger 2005 – 2008, Erfaringer og effekter fra Bodå, Aure, Vindafjord og Kristiansund», Telemarksforskning, rapport nr. 258

Brandtzæg, «Folks syn på kommunepolitikk og forvaltning før sammenslåingen av Våle og Ramnes kommuner, Telemarksforskning, arbeidsrapport 10/2001

Riksrevisjonens undersøkelse av kommunens låneopptak og gjeldsbelastning» Dokument 3:5 (2014 – 2015)

Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering av offentlige tjenester (2016)

Riksrevisjonens undersøkelse av ressursutnyttelse og kvalitet helsetjenester etter innføring av samhandlingsreformen (2016)

DIFI: Innbyggerundersøkelsen 2013 og 2015

Veileder til reglene om offentlige anskaffelser i forbindelse med kommunereformen (Inventura AS på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet) (2015)

Landsomfattande tilsyn med Vaksdal kommune 2013 – 2015

Forvaltningsrevisjonar Vaksdal kommune 2011 – 2015

Økonomiplan 2016 – 2019, med budsjett 2016 for Vaksdal kommune

Planprogram rullering av kommuneplan Vaksdal kommune

Kommuneplan Vaksdal kommune

Kommunedelplan helse- og omsorg Vaksdal kommune

Kommunedelplan Oppvekst Vaksdal kommune

Arbeidsgiverpolitisk plattform Vaksdal kommune

**Vil bli supplert med ytterligere rapporter*